

**KONTROLLUTVALET I  
STORDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 8. juni 2017, kl. 14.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Jonas Falch

Elles til stades: Hilde Dyrkorn, Vigdis Hove, Reidun Torpe Langhaug og Jarle Hove

Frå Stordal kommune møtte ordførar Eva Hove og rådmann Anne Berit Løset

= **5 voterande**

Roger Lillebø hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte revisor Knut Gunnar Alnes..

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 01/17**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 7. NOVEMBER 2016**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 7. november 2016 blir godkjent.

**SAK 02/17**

**ÅRSMELDING 2016-STORDAL KOMMUNE**

Saka vart utsett.

**SAK 03/17**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2016 – STORDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 01.06 2017 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Stordal kommune sin rekneskap for 2016 blir godkjent.
2. Innan enkelte ansvarsområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr.2.

**SAK 04/17**

**OPPFØLGING AV SAK 15/16**

Rådmannen orienterte:

Vekst i Stordal er eit prosjekt underlagt kommunestyret. Det vart presisert at rådmannen ville følge ekstra opp habilitetsproblematikk i prosjektet både innan administrativ og politisk saksbehandling.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 05/17**

**STATUS NÅR DET GJELD FORHOLD TEKE OPP I TILSYNSRAPPORTAR OG REVISJONSRAPPORT**

Rådmannen orienterte:

Alle avvik er no lukka. Rutinar for å melde avvik er framleis ikkje gode nok. Faglege og økonomiske utfordringar er framleis ikkje løyst godt nok.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Jonas Falch  
leiar  
(sign.)

Hilde Dyrkorn  
medlem  
(sign.)

Vigdis Hove  
medlem  
(sign.)

Reidun Torpe Langhaug  
medlem  
(sign.)

Jarle Hove  
varamedlem  
(sign.)